



Arkivnr: 2014/11976-57

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                         | Saknr. | Møtedato   |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel |        | 07.09.2017 |
| Fylkesutvalet                 |        | 20.09.2017 |

## Rv. 13 - Planfri gangvegkryssing Bjørgum. Klassifisering og eigartilhøve for ny gang- og sykkelveg.

### Samandrag

Saka gjeld klassifisering og eigartilhøve for nytt gang- og sykkelvegssystem ved Rv. 13 ved Bjørgum i Voss kommune. Det er bygd ein ny planfri gang- og sykkelveg/bru som knyter Bjørgum i aust saman med busetnad og hovudtraseen for gange og sykkel på vestsida av Rv. 13. På Bjørgum gir gang- og sykkelvegssystemet tilgang til einssidig busstopp som tener kollektivtrafikken i begge retningar. Den nye gang- og sykkelløysinga erstattar tidlegare kryssing av Rv 13 som er i plan med vegen. Statens vegvesen tilrår at vegstrekka som leier til den gamle kryssinga vert lagt ned som offentleg gang- og sykkelveg. I samband med utbygginga er ein kommunal tilkomstveg lagt om. Den går no frå brua og til Tymbrålsbakkane. Vegvesenet rår til at tilkomstvegen vert klassifisert som kommunal gangveg og i kommunal eige. Resten av det nye anlegget bør klassifiserast som riksgangveg og i statleg eige.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet syner til brev frå Statens vegvesen, datert 10. august 2016 om klassifisering og eigartilhøve for planfri gangvegkryssing over Rv. 13 ved Bjørgum, og sluttar seg til tilrådinga frå vegvesenet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*


### Fylkesrådmannen, 17.08.2017

## 1. Bakgrunn

Saka gjeld klassifisering og eigartilhøve for nytt gang- og sykkelvegssystem ved Rv. 13 ved Bjørgum i Voss kommune. Statens vegvesen har i brev datert 10. august 2016 bede fylkeskommunen om å kome med uttale, i tråd med veglova §7<sup>1</sup>. Endeleg vedtak vert gjort av Vegdirektoratet.

## 2. Kort om klassifisering og eigartilhøve

For å sikra trygg kryssing av riksvegen er det bygd ein ny planfri gang- og sykkelveg/bru som knyter Bjørgum i aust saman med busetnad og hovudtrasé for gange og sykkel på vestsida av Rv. 13. På Bjørgum gir gang- og sykkelvegssystemet tilgang til ein-sidig busstopp som tener kollektivtrafikken i begge retningar.




Viser nytt gang- og sykkelvegssystem m/planfri kryssing av Rv. 13 (raud stippla linje markerer statleg overtaking)

Gang- og sykkelbrua erstattar gamal kryssing av Rv. 13, som var i plan med vegen. Statens vegvesen ønskjer difor å leggja ned den delen av den gamle gang- og sykkelvegløysinga som leier til kryssinga.

Utbygginga av det nye gang- og sykkelvegssystemet har medført at ein kommunal veg (tilkomstveg til Tymbrålsbakkane) er lagt om. Vegvesenet meiner Voss kommune bør overta dette vegstykket. På austsida av den nye brua går sykkelvegen heilt ned til busstoppet. Dette stoppet er i

statleg eige. Sidan gang- og sykkelveg langs riksveg skal reknast som riksveg (etter «Kriterier for riksveg etter forvaltningsreformen 1. januar 2010»), er det naturleg at den planfrie kryssinga med ny bru og tilkomst til busstopp vert rekna som statleg eigedom.



Viser gang- og sykkelveg som skal leggjast ned.

<sup>1</sup> Etter veglova §7 skal fylkeskommunen uttala seg ved spørsmål om nedlegging eller omgjerding av riksveg til fylkesveg eller kommunal veg.

Heile tilrådinga til Statens vegvesen er som følger:

***Tilråding***

- *Heile det nye gang- og sykkelveganlegget inklusive bru over Rv. 13, unnateke vegen frå brua til Tymbrålsbakkane, vert klassifisert som riksgangveg og i statleg eige.*
- *Vegen frå brua til Tymbrålsbakkane, vert klassifisert som kommunal gangveg og i kommunal eige.*
- *Tidlegare RG 13 Hp 164 mellom km 2000 – 2157 (157 meter) vert nedlagt som offentleg gang- og sykkelveg.*

**3. Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen.